



MODALEN KOMMUNE

Tlf. 05 - 59 98 70 - FAX 05 - 59 99 25

5170 MODALEN

VEDTEKTER - RETNINGSLINJER

FOR BRUK OG FORVALTNING AV NÆRINGSFONDET I MODALEN KOMMUNE

VEDTEKE -03.12.92

K. SAK 63/92.

Endring i standard.

*K. Sak 94/16. - Vedtaker 19.05.94
Godkj. 30.05.94*

RETNINGSLINJER FOR BRUK OG FORVALTNING AV NÆRINGSFONDET I MODALEN KOMMUNE

KAP. 1) GRUNNLAG, FØREMÅL OG PRIORITERINGAR AV SATSINGSOMRÅDER

1.1. GRUNNLAG:

Fylgjande retningslinjer er utarbeidd innanfor rammene av vedtektene for næringsfondet i Modalen kommune. Årleg økonomisk ramme for stønad frå næringsfondet vil bli fastlagt av kommunestyret i samband med godkjenning av årsbudsjettet. Rentesatsen for lån frå næringsfondet vil bli vurdert kvart år i samband med budsjettet.

1.2. FØREMÅL OG PRIORITERING AV SATSINGSOMRÅDER:

Stønad frå næringsfondet skal gjevast for å tryggja samt fremja næringsutvikling og busetnad i Modalen kommune. Ved vurdering av søknader skal det leggjast stor vekt på sysselsettings og/eller busetnads-effekten, og tiltak som fører til nyskapning/vidareutvikling av bedrifter.

Stønad frå næringsfondet må ikkje føra til at andre dristriktpolitiske verkemedel/stønad ikkje vert utnytta.

Søknader kan avslåast når tiltaket/etableringa ikkje er i samsvar med vedtekne planar, eller når tiltaket/etableringa på andre måtar er i konflikt med kommunale interesser - t.d. vert vurdert som uheldig i høve til eksisterande næringsliv/verksemder. (Overetablering, miljøbelastning m.v.)

Fylgjande føremål (satsingsområder) vil bli prioritert for bruk av fondet:

- organisering - rettleiing
- utvikling/trygging av arbeidsplassar
- velferd
- marknadsføring

A). ORGANISERING - RETTLEIING:

Løyvingar frå fondet kan gjevast til:

- Kjøp av tenester for analyser, utgreiingar, planar, deltaking i styringsgrupper/-organ.
- produktutviklingstiltak/prosjekt.
- mellombels utviding av arbeidskapasitet i den kommunale tiltaksorganisasjonen, t.d. knytta til prosjekt eller planarbeid.
- tilskot til organisasjonar som er viktig for nærings - og lokalsamfunnsutvikling i Modalen, eller gjev kommunen tilgjenge til regionale, nasjonale eller internasjonale nettverk.
- Andre tiltak.

B). UTVILKING/TRYGGING AV ARBEIDSPLOSSAR:

Løyving av fondet kan gjevast til:

- Aktuelle bedriftsetableringar
- akkvisisjon (arbeid for å dra til seg etableringar utanfrå).
- oppstartningskostnader
- jobbmoblisering (arbeid for å utvikla bærekraftige forretningsidear med grunnlag i lokale idear, tankar og resursar).
- Etableringsopplæring (opplæring av folk som ynskjer å verkeleggjera ein forretningside).
- konsolideringskurs (kurs for næringsdrivande for å tryggja eksisterande verksemder).
- sjølvsysselsetting (etablering av eigen arbeidsplass på heil eller deltid).
- næringslokaler og utstyr, grunnlagsinvesteringar utanfor kommunalt tilrettelagde næringsareal, annan infrastruktur.
- det kan og gjevast lån til immaterielle investeringar som patent, lisensar, dataprogram og kjøp av ny teknologi.
- andre tiltak

Innan ovanfornemde kategoriar vil kvinneretta tiltak bli spesielt prioritert. Når det gjeld løyvingar til private verksemder skal næringsfondet særleg prioritera tiltak som ikkje får medverknad frå DU antan pga. storleik eller føremål/næring. Elles vil verksemder som legg spesiell vekt på miljøvenleg produksjonsform/produkt bli prioritert.

C). VELFERD - FELLESTILTAK:

Løyvingar frå fondet kan gjevast til:

- Stadsutvikling (utviklingstiltak for senter og grender - særleg tiltak i gråsona mellom kva som er privat og offentleg ansvar).
- Kommunale fellestiltak
- transport - samferdsel
- andre tiltak.

D). MARKNADSFØRING:

Løyvingar frå fondet kan gjevast til:

- Marknadsføringstiltak for verksemder i Modalen.
- reiselivsmarknadsføring.
- marknadsføringstiltak for å gjera Modalen sine tilbod kjende både mellom eigne innbyggjarar og folk utanfor kommunen
- andre tiltak.

KAP. 2).

STØNADSFORMER - STØNADSVILKÅR:

2.1 STØNADSFORMER:

- Stønadsform må variera etter føremål, jmf. kap. 1.2 ovanfor
- aktuelle stønadsformer er tilskot og lån
- storleiken på stønaden vil variera frå delvis finansiering for private verksemder og tiltak til fullfinansiering av kommunale fellestiltak
- ved fornying av driftsmiddel vert det berre gjeve lån.
- det vert ikkje gjeve garantiar for lån frå fondet.

2.2 STØNADSVILKÅR:

Stønad frå fondet kan gjevast til to typar hovedføremål:

- Private tiltak
- kommunale fellestiltak.

A) PRIVATE TILTAK:

- Stønad frå fondet kan normalt gjevast med inntil 50 % av samla investering/kostnad.
- ved utrekning av stønad kan også eigeninnsats godkjennast som del av samla investering/kostnad.
- eigeninnsatsen skal utreknast med timesats og tidsforbruk som er i samsvar med standard timesats / tidsforbruk for denne arbeidstypen.
- fondstyret kan i særlege høve innvilga ein høgare stønad. Samla stønad skal likevel ikkje overstiga 75 % av total investering/kostnad medrekna annan mogeleg stønad - t.d. frå DU.
- for å få innvilga stønad blir det til vanleg kravd minimum 15 % av investeringar/kostnader i eigenkapital, (Ikkje medrekna mogeleg kommunal stønad). Som eigenkapital kan også eige arbeid og eige utstyr godkjennast.
- ved løyving av stønad til sjølvsyssetjing, vil det bli stilt krav om at vedkomande buset seg/bur i kommunen, men kan gjerast unntak i særlege høve ved tiltak som fører til auke /styrking av sysselsetjinga i Modalen.
- ved fornying av driftsmidlar kan ein gjeva lån til delar av den reelle kostnaden for verksemda.

B) SIKRING OG UTBETALING:

Før innvilga stønad kan utbetalast må fylgjande føresetnader vera oppfylde:

- at øvrig finansiering er sikra - t.d. dersom DU eller annan bank er deltakar i finansiering av tiltaket/ etableringa må det føreliggja tilsagn frå desse.
- tilskot kan utbetalast på grunnlag av medgåtte dokumenterte kostnader, i høve til kostnadsoppsettet som ligg til grunn for tilsagnet.
- utbetaling av lån skal sikrast med pant eller garantiar, dersom summen er over kr 50.000,-.
- innvilga stønad kan krevjast tilbakebetalt dersom verksemda opphøyrer, blir seld eller flytta frå kommunen innan 5 år.
- stønaden kan krevjast tilbakebetalt heilt eller delvis dersom bygg og inventar/utstyr mv. som det er gjeve stønad til, blir seld eller nytta til eit anna føremål enn føresett innan 5 år, rekna frå utbetalingsdatoen.
- den som har fått stønad, pliktar på førehand å gje melding til fondstyret om sal eller bruksendring i dette tidsrommet.
- fondstyret kan i særskilde høve stilla andre krav til sikkerheit og bindingstid.

D) KOMMUNALE FELLESTILTAK:

For løyving av fondet til kommunale fellestiltak fastset kommunestyret medverknadsgrad i kvart enkelt tilfelle.

E) KRAV TIL SØKNAD OM STØTTE FRÅ NÆRINGSFONDET:

- Søknad om stønad frå næringsfondet må fremjast før tiltaket vert sett i verk.
- Søknaden skal innehalda fylgjande:
 - søkjaren sine egne vurderingar av lønsemd og marknadsutvikling.
 - fullstendig kostnadskalkyle over tiltaket/etaleringa helst med pristilbod.
 - ein fullstendig finansieringsplan.
- opplysning om pantesikring og prioritert.

- driftsbudsjett for 1. - 2. driftsår når søknaden gjeld nyetablering av verksemd eller nye tiltak i eksisterande verksemd.
- rekneskap for dei 2 føregåande år når søknaden gjeld støtte til eksisterande verksemd.
- dokumentasjon for eigenkapital.

kap. 3)

FONDSTYRE - FORVALTNING:

A) KOMMUNESTYRET SOM FONDSTYRE

- Kommunestyret er fondstyre i saker som gjeld kommunale fellestiltak innanfor dei ulike satsingsområde:

**ORGANISERING / RETTLEIING / UTVIKLING/TRYGGING
AV ARBEIDSPASSAR
VELFERD OG MARKNADSFØRING**

Kommunestyret er vidare fondstyre for søknader som gjeld støtte til organisasjonar samt andre felles føretak.

b) FORMANNSKAPET SOM FONDSTYRE

- Formannskapet er fondstyre i saker som gjeld private tiltak/etableringar innanfor dei same områda som er nemnde ovanfor.

vedt.nfo



MODALEN KOMMUNE

Tlf. 05 - 59 98 70 – FAX 05 - 59 99 25

5170 MODALEN

VEDTEKTER

FOR BRUK OG FORVALTNING AV NÆRINGSFONDET I MODALEN KOMMUNE

VEDTEKTER FOR BRUK OG FORVALTNING AV

MODALEN NÆRINGSFOND

Prg 1:HEIMEL OG KAPITAL OG AVKASTNING.

Modalen kommune har fleire konsesjonar som vi får konsesjonsavgifter frå.

Fondskapitalen er:
Næringsfond på kr 300.000,- innbetalt av BKK for Reg. overføring Eksingedalsvassdraget. Gjeve ved kongeleg resolusjon av 04.03.66.

Modalen fekk her 30 % av grunnkapitalen som vart avsett til næringsfond totalt.

Næringsfond på kr 1.000.000,- innbetalt av BKK for regulering av Steinslandsvassdraget mv. Oppretta ved kongeleg resolusjon av 25.07.75.

Total fondskapital er kr 1.300.000,-.

B. Avkastning er:
Årlege konsesjonsavgifter som vert innbetlat av BKK i medhald av pkt. 2 i konsesjonsvilkåra.

For reg. overføring av Eksingedalsvassdraget. Reg. nr 376 43562 av 04.03.66 og konsesjonsavgifter frå Matre - Haugsdalsvassdraget:

Reg. nr. 18	41856	av	19.12.58	og
reg. nr. 198	41856	av	17.07.53	og
reg. nr. 244	44800	av	08.02.80	og
reg. nr. 839	41860	av	01.06.62	

Vidare frå Steinsland Kraftverk:

Reg. nr. 389	44113	av	25.07.75	og
--------------	-------	----	----------	----

frå Hellandsfossen:

Reg. nr. 389	44113	av	25.07.75	og
reg. nr. 637	45216	av	24.06.88	

Og frå Vemundsbotn inntak Storavatn:
reg. nr. 198 41856 av 17.07.53

+ Renter og anna avkastning av fondskapitalen.

Avkastninga kan nyttast til tilskot og til vilkårfesta lån.

Prg. 2: FØREMÅL:

Næringsfondet skal fortrinnsvis nyttast til næringsføremål. Fondet kan og nyttast til kommunale fellestiltak.

Prosjekt som medverkar til betre sysselsettingsmuligheter for kvinner bør prioriterast.

Det kan ikkje gjevast støtte til sanering av gjeld eller til løpande drift av versemder og kommunen. Det bør ikkje gjevast støtte til verksemd som mottek vesentlege overføringar over statsbudsjettet.

Prg.3: STØTTEFORMER:

Stønad kan gjevast i form av lån. Vidare vil det kunna verta stilt garanti for kommunale tiltak i den grad slike er gyldige garantiføremål m.o.t. Kommuneleva - prg. 51, jamfr. departementet sine forskrifter om kommunale garantistillingar.

Frå avkastninga kan det også gjevast tilskot samt betinga lån. Midlar bør ikkje nyttast til aksjeteikning i private verksemder. Dersom det vert teikna kommunale aksjar, kan dette ikkje utgjera meir enn 30 % av aksjekapitalen i bedriften. Denne begrensinga gjeld ikkje utviklingselskap, utleigebygg o.l. som kommunen etablerer i samarbeid med private interessentar.

Prg.4: STØTTEVILKÅR:

Samla støtte frå fondet til næringstiltak skal som hovedregel ikkje overstiga 50 % av samla kapitalbehov til eit prosjekt. Ved prosjekt av særskild verknad for kvinner og ved ny-etableringar kan det gjevast støtte med inntil 75 %. Garantiar skal gjevast på pro-rata vilkår.

Stønad (tilskot og eventuelt subsideelement i lån med nedsett rente) skal vera begrensa til:

Maksimal stønad må liggja innanfor ein maksimumgrense på kr 400.000 (50.000 ECU) til eit og same formål i ein og same bedrift i ein treårsperiode. Bedrifter som mottok stønad pliktar å opplysa om at stønad er motteke frå Næringsfondet, ved søknad om event. ytterlegare stønad frå offentlege midlar innan utgangen av treårsperioden (det vert vist til EØS - avtalen sitt regelverk for offentleg stønad, reglane for bagatellmessig stønad de (minimis).

NY PRG. 5:

TILHØVET TIL INTERNASJONALE KRAV PÅ STATSSTØNADSOMRÅDET

Bruk av fondet må vera i samsvar med det internasjonale regelverk Norge har slutta seg til på statsstønadsområdet.

Prg.6: FORVALTNING:

Kommunestyret oppnemner fondstyre. Det er også høve til å delegera avgjerdsmyndigheit frå fondstyret til administrasjonen innanfor nærare gjevne fullmakter.

Fondsmidlane vert å plassera på rentebærande konto slik at midlane er disponible til ei kvar tid. Renter og avdrag vert å tilbakeføra til fondet.

Det skal førast eige rekneskap og budsjett for fondet. Rekneskapsføringa skal vera i samsvar med dei kommunale rekneskapsforskriftene.

Prg.7: ÅRSMELDING:

Det skal leggjast fram ei melding om verksemda til fondet for kommunestyret kvart år. Gjenpart av denne meldinga skal sendast fylkesmannen og fylkeskommunen.

Prg.8: GODKJENNING AV VEDTEKTER:

Vedtektene kan endrast etter vedtak i kommunestyret. Vedtaket treng godkjenning av fylkesmannen. Kopi av godkjende vedtekter vert å senda fylkeskommunen.

ENDRINGAR ER SKRIVE MED UTHEVA SKRIFT.

Vedteke i K.møte 19.05.94 - SAK 16.
Ark. Vedt.nof.

